

## **Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 25.10.2017**

### **Organisering.**

Det skal lagast eit notat om ny organisering og omstillingsprosessane som har vore gjennomført. Dette vert gjennomgått munnleg ved neste møte.

### **Økonomi.**

Styret ønskjer å kome i forkant i høve til budsjettprosessar. Styret ber rektor ved Fagskolen i Hordaland om oversikt over årsbudsjett, investeringar og ei vurdering av korleis fylkesrådmannen sitt forslag til årsbudsjett gjer utslag ved fagskolen. Vidare er det ønskjeleg å handsame rektor sitt framlegg til årsbudsjett basert på ramma frå fylkeskommunen i november-møtet. I framtidige maimøte er det ønskjeleg med ei oversikt over investeringsbehov ved fagskolen.

### **Ny møtedato**

For november: 28. november om ettermiddagen- same dag som NOKUT-konferanse og OPHE.